



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkestinget</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Balestrand - Kviknes Hotel</b>
<b>Møtedato</b>	<b>19.10.2018</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 15.40</b>

År 2018, 19. oktober kl. 10.00, kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på Kviknes Hotel, Balestrand kommune.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 28. september 2018. Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjend.

Representanten Torbjørn Vereide hadde meldt forfall til tingseta. I hans stad møtte 1. vararepresentant Marie-Helene Hollevik Brandsdal. Representanten Karianne Torvanger hadde meldt forfall til tingseta, ingen vara kunne stille. Fylkestinget godkjende forfallet til Vereide og Torvanger.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

**SENTERPARTIET:**

Jenny Følling  
Sigurd Reksnes  
Aleksander Øren Heen  
Karen Marie Hjelmeseter  
Gunn Åmdal Mongstad  
Anders Ryssdal  
Arnstein Menes  
Ole Johnny Stubhaug  
Gunn Sande  
Erlend Haugen Herstad

**ARBEIDERPARTIET:**

Åshild Kjelsnes  
Hilmar Høl  
Helen Hjertaas  
Harald Bjarte Reite  
Henrik Oppen  
Odd Atle Stegeggerdet  
Senea Sabanovic  
Marie-Helene Hollevik Brandsdal

**HØGRE:**

Norolv Distad  
Sonja Øvre-Flo  
Bjørn Hollevik  
Anne K. Lilleasen

**KRISTELEG FOLKEPARTI:**

Trude Brosvik  
Jon Olav Kvamme

**VENSTRE:**

Gunhild Berge Stang

Alfred Bjørlo

**FRAMSTEGSPARTIET:**

Frank Willy Djuvik  
Marita Aarvik

**SOSIALISTISK VENSTREPARTI:**

Jakob André Sandal

**MILJØPARTIET DE GRØNNE:**

Stein Faleide Malkenes

Fylkesordføraren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføraren valde fylkestinget Svein Hågård og Marit Silje Husabø som sekretariat.

Representanten Bjørn Hollevik og fylkesordføraren vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av fylkestinget.

Fungerande fylkesrådmann Paal Fosdal var til stades.

Fylkesordføraren opplyste at sakene 33 - 44/18 var sendt ut 9. oktober 2018.

Saklista vart godkjend.

Ordførar i Balestrand kommune, Harald Offerdal, helsa fylkestinget.

Fylkestrafikktryggingsprisen 2018 vart delt ut til Norges Lastebileier-Forbund (NLF), avdeling Sogn og Fjordane, ved Martin Bjørkhaug, styremedlem NLF avd. Sogn og Fjordane, og Jan-Ove Halsøy, regionsjef NLF.

Innovasjon Norge sin Bedriftsutviklingspris i landbruket 2018 vart delt ut til reiselivsverksemda 29-2 Aurland AS, ved Tone Rønning Vike og Bjørn Vike.

## **SAK 33/18 Rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 - 2020**

### **Frå kontrollutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 – 2020 slik den ligg føre.

### **Endringsframlegg:**

**Frank Willy Djuvik** sette fram slikt framlegg som tillegg:

2. Dersom føresetnadene skulle endre seg, kan kontrollutvalet gjere endringar i planen undervegs i perioden. Utvalet kan også få gjennomført prosjekt som ikkje står i planen dersom dette er føremålstenleg i høve utvalet sitt mandat til å føre kontroll med forvaltninga av fylkeskommunen. Årsaka til slike eventuelle endringar blir rapportert til fylkestinget i kontrollutvalet si årsmelding.

### **Avrøysting:**

Tilrådinga frå kontrollutvalet, og Djuvik sitt framlegg, vart samråystes vedteke.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget vedtek rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 – 2020 slik den ligg føre.
  2. Dersom føresetnadene skulle endre seg, kan kontrollutvalet gjere endringar i planen undervegs i perioden. Utvalet kan også få gjennomført prosjekt som ikkje står i planen dersom dette er føremålstenleg i høve utvalet sitt mandat til å føre kontroll med forvaltninga av fylkeskommunen. Årsaka til slike eventuelle endringar blir rapportert til fylkestinget i kontrollutvalet si årsmelding.
- 

## **SAK 34/18 Forvaltningsrevisjon - Reiseliv - rapport**

### **Frå kontrollutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av reiselivssatsinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
  - i. Sørgje for å tydeleggjere forholdet mellom ulike sentrale styringsdokument innan reiselivssatsinga, og avklarar ytterlegare kva plandokument og målformuleringar som skal vere styrande for arbeidet innan reiseliv, slik fylkesrådmannen skisserer i høyringsuttalen.
  - ii. Sørgje for å tydeleggjere og operasjonalisere tiltaka i årsplanane ytterlegare, samt tydeleggjere samanheng mellom tiltak for det enkelte år i årsplanane og dei meir langsigchte tiltaka i fireårsplanen/den rullerte Verdiskapingsplanen.
  - iii. Å få etablert eit system for å halde oversikt over aktivitetar og progresjon knytt til dei ulike tiltaka ein planlegg gjennomført det enkelte år.
  - iv. Etablere ei skriftleg skildring av kva oppgåver og ansvar som er lagt til sakshandsamar reiseliv.

- v. Formaliserer samhandlingsmøta mellom dei sentrale samarbeidspartane til dømes i eit årshjul, og sikrar at dei blir gjennomført i samsvar med intensjonen.
  - vi. Tydeleggjere gjennom sakhandsamingsrutinane kva vilkår og krav ein vanlegvis skal stille i samband med tildeling av tilskot, og gi tydelegare retningsliner for vilkår og krav utover standardkrava i tråd med høringsuttalen til fylkesrådmannen.
  - vii. Sørgjer for at tilgjengeleg informasjon om den enkelte tilskotsordning omfattar krav til rapportering for den aktuelle tilskotsordninga.
  - viii. Sikre at vurderingar i samband med sakhandsaminga, dialog med tilskotsmottakarar og gjennomførte aktivitetar knytt til oppfølging og kontroll blir dokumentert, slik at det i etterkant er mogleg å etterprøve kva som er gjort og kvifor.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka, og rapportere status til kontrollutvalet innan 31.12.2018.

#### **Endringsframlegg:**

**Venstre** sette fram slikt framlegg til vedtak:  
Punkt 1 som tilrådinga frå Kontrollutvalet.

Nytt punkt 2:  
Tilrådingane i rapporten blir oversendt fellesnemnda for nye Vestland fylke, og omsyntatt i etableringa av ny organisasjon for den nye fylkeskommunen.

#### **Avrøysting:**

Framlegget frå Venstre fekk 14 røyster og vart forkasta.  
Tilrådinga frå kontrollutvalet fekk 16 røyster og vart dermed vedteke.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av reiselivssatsinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
  - i. Sørgje for å tydeleggjere forholdet mellom ulike sentrale styringsdokument innan reiselivssatsinga, og avklarar ytterlegare kva plandokument og målformuleringar som skal vere styrande for arbeidet innan reiseliv, slik fylkesrådmannen skisserer i høringsuttalen.
  - ii. Sørgje for å tydeleggjere og operasjonalisere tiltaka i årsplanane ytterlegare, samt tydeleggjere samanheng mellom tiltak for det enkelte år i årsplanane og dei meir langsigktige tiltaka i fireårsplanen/den rullerte Verdiskapingsplanen.
  - iii. Å få etablert eit system for å halde oversikt over aktivitetar og progresjon knytt til dei ulike tiltaka ein planlegg gjennomført det enkelte år.
  - iv. Etablere ei skriftleg skildring av kva oppgåver og ansvar som er lagt til sakhandsamar reiseliv.
  - v. Formaliserer samhandlingsmøta mellom dei sentrale samarbeidspartane til dømes i eit årshjul, og sikrar at dei blir gjennomført i samsvar med intensjonen.

- vi. Tydeleggjere gjennom sakshandsamingsrutinane kva vilkår og krav ein vanlegvis skal stille i samband med tildeling av tilskot, og gi tydelegare retningsliner for vilkår og krav utover standardkrava i tråd med høyningsuttalen til fylkesrådmannen.
  - vii. Sørgjer for at tilgjengeleg informasjon om den enkelte tilskotsordning omfattar krav til rapportering for den aktuelle tilskotsordninga.
  - viii. Sikre at vurderingar i samband med sakshandsaminga, dialog med tilskotsmottakarar og gjennomførte aktivitetar knytt til oppfølging og kontroll blir dokumentert, slik at det i etterkant er mogleg å etterprøve kva som er gjort og kvifor.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka, og rapportere status til kontrollutvalet innan 31.12.2018.
- 

## **SAK 35/18 Ny selskapsavtale for Vigo IKS**

### **Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkestinget godkjenner ny selskapsavtale for Vigo IKS, slik den ligg føre i vedlegg 1.

#### **Endringsframlegg:**

Fylkesordføraren gjorde framlegg om å utsetje saka.

#### **Avrøysting:**

Fylkesordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

Saka vert utsett.

---

## **SAK 36/18 Oppseiing av avtalane om kjøp av PP-tjenester**

### **VEDTAK:**

1. Avtalar med kommunar om kjøp og sal av PP-tjenester vert vidareførte slik at avtalane er gyldige til 31.12.2019.
  2. Avtalar med kommunar om kjøp og sal av PP-tjenester vert sagt opp frå 01.01.2020.
- 

## **SAK 37/18 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS - lenging av låneavtale**

### **VEDTAK:**

Fylkeskommunen lengar låneavtalen for det rente- og avdragsfrie lånet på 1,0 mill. kr til Opplæringsfartøy AS fram til 31.12.2020, med gjeldande vilkår. Ved ev. sal av fartøyet før denne tid, vil lånet krevjast tilbakebetalt.

---

## SAK 38/18      Eigarmelding 2018

### VEDTAK:

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for selskapa, jf. vedlegg 1, del II:

A. Inntil anna eventuelt vert bestemt - vidareføre eigarskapen i følgjande selskap:  
Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Lutelandet Utvikling AS, Opplæringsfartøy AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Kommunekraft AS, Ferde AS, Skyttel AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Sogn og Fjordane Teater LL, Trivselshagen IKS og Vigo IKS, og dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentre AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.

B. For F1 Holding AS syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 47/17.

C. For Sogn og Fjordane Revisjon IKS syner fylkestinget til sine vedtak i sak 44/17 og sak 11/18, og til fellesnemnda sitt vedtak i sak om val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune i møte 21. september 2018. På bakgrunn av fellesnemnda sitt vedtak i sak 34/18 i det nemnde møtet, startar fylkeskommunen arbeidet med å tre ut av Sogn og Fjordane Revisjon IKS.

D. For Njøs Næringsutvikling AS vidarefører fylkestinget eigarskapen inntil vidare.

E. For Firda Billag AS syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 33/14 punkt 2b, 3 og 4.

---

Fylkestinget handsama og røysta over kvart enkelt av selskapa i pkt. 3 for seg.

Fylkestinget fann Jakob André Sandal og Sigurd Reksnes inhabile til å delta ved handsaminga av Trivselshagen IKS, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd for Sandal sitt vedkomande og § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2, for Reksnes sitt vedkomande. Per Atle Kjøllesdal gjekk inn som varamedlem for Reksnes.

Fylkestinget fann Hilmar Høl inhabil til å delta ved handsaminga av Sogn og Fjordane Holding AS, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.

Fylkestinget fann Ole Johnny Stubhaug inhabil til å delta ved handsaminga av Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2. Per Atle Kjøllesdal gjekk inn som varamedlem for Stubhaug.

Fylkestinget fann Alfred Bjørlo inhabil til å delta ved handsaminga av Norsk Fjordhestsenter AS, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd.

Fylkestinget fann Aleksander Øren Heen inhabil til å delta ved handsaminga av F1 Holding AS, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2. Per Atle Kjøllesdal gjekk inn som varamedlem for Heen.

---

## **SAK 39/18 Innkjøpsstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune**

### **Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Innkjøpsstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 1 med slike tillegg:

- I relevante innkjøp stille krav om at leverandør er lærebodrift og skal kunne tilby lærlingplassar
- Fylkeskommunen skal gjennom innkjøpa sine legge vekt på bruk og stimulering til bruk av nynorsk

Nytt kulepunkt under punkt 3 ii, «For å sikre krav til miljø, menneskerettar og andre samfunnsomsyn skal fylkeskommunen»:

- Stille krav til strategi for å redusere bruk av plast/emballasje i relevante innkjøp

### **Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg som endring i siste kulepunkt under «2. Hovudmål for innkjøpsarbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune» i innkjøpsstrategien slik at det blir følgjande:

- Fylkeskommunen skal legge vekt på miljø, menneskerettar, **arbeidsvilkår** og andre samfunnsomsyn i sine anskaffingar. **Desse vilkåra skal også gjelde for underleverandørane og innleige som er involvert.**

**Høgre, Framstegspartiet og Venstre** sette fram slikt framlegg til nytt kulepunkt:

- Fylkeskommunen skal legge til rette for grøne og innovative innkjøp.

### **Avrøysting:**

Fylkesutvalet si tilråding, og endringsframlegga frå Arbeidarpartiet og Høgre, Framstegspartiet og Venstre, vart samrøystes vedtekne.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

Innkjøpsstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 1 med slike tillegg:

- I relevante innkjøp stille krav om at leverandør er lærebodrift og skal kunne tilby lærlingplassar
- Fylkeskommunen skal gjennom innkjøpa sine legge vekt på bruk og stimulering til bruk av nynorsk

Nytt kulepunkt under punkt 3 ii, «For å sikre krav til miljø, menneskerettar og andre samfunnsomsyn skal fylkeskommunen»:

- Stille krav til strategi for å redusere bruk av plast/emballasje i relevante innkjøp

Endring i siste kulepunkt under «2. Hovudmål for innkjøpsarbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune», slik at det blir følgjande:

- Fylkeskommunen skal legge vekt på miljø, menneskerettar, arbeidsvilkår og andre samfunnsomsyn i sine anskaffingar. Desse vilkåra skal også gjelde for underleverandørane og innleige som er involvert.

Nytt kulepunkt:

- Fylkeskommunen skal legge til rette for grøne og innovative innkjøp.

## **SAK 40/18      Regional plan for kultur 2019-2027, Kultur for alle**

### **Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027 vert vedteken slik han ligg føre i vedlegg 1.

### **Endringsframlegg:**

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg:

#### **Punkt 8.1.1.2 Kulturhusa:**

Linje 3, etter (Husa i bygda): Det er i tillegg mange kyrkjebygg spreidd rundt i heile fylket. Desse er både viktige kulturarenaer og kulturberarar.

#### **Punkt 8.1.2 Kultur- og naturarven:**

Nytt avsnitt: Den norske Kyrkja representerer ein viktig del av felles kulturarv, både materiell og immateriell. Dei ulike trussamfunna må inkluderast i kulturomgrepet, og som samarbeidspart, til å bygge ståstad og felles forståing i eit mangfaldig samfunn.

#### **Punkt 8.1.3.2 Musikk**, nytt kulepunkt:

- Utvikle samarbeidet med kantorane, som er ei stor og desentralisert profesjonell musikargruppe i fylket.

**Arbeidarpartiet og Venstre** sette fram slikt framlegg til nytt kulepunkt under punkt 8.1.3.3:

- Støtte opp under Teaterfestivalen i Fjaler som arena for produksjon og framføring av profesjonell scenekunst.

**Høgre, Venstre og Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til nytt kulepunkt under punkt 8.2.1.1 Kulturskulane:

- Arbeide for at hybelbuarar på vidaregåande skule får kulturskuletilbod på skulestaden.

**Arbeidarpartiet og Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til nytt kulepunkt under punkt 8.1.2.2 Kulturminne:

- Arbeide for eit bevaringsprogram for fyrtasjonane

**Fylkesordføraren** sette fram slikt framlegg:

Fylkesrådmannen får fullmakt til å justere teksten i planen i samsvar med det han framførte i fylkestinget.

### **Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesutvalet, og alle endringsframlegga, vart samrøystes vedtekne.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027 vert vedteken slik han ligg føre i vedlegg 1 med slike tillegg:

Fylkesrådmannen får fullmakt til å justere teksten i planen i samsvar med det han framførte i fylkestinget.

#### **Punkt 8.1.1.2 Kulturhusa:**

Linje 3, etter (Husa i bygda): Det er i tillegg mange kyrkjebygg spreidd rundt i heile fylket. Desse er både viktige kulturarenaer og kulturberarar.

#### **Punkt 8.1.2 Kultur- og naturarven:**

Nytt avsnitt: Den norske Kyrkja representerer ein viktig del av felles kulturarv, både materiell og immateriell. Dei ulike trussamfunna må inkluderast i kulturomgrepet, og som samarbeidspart, til å bygge ståstad og felles forståing i eit mangfaldig samfunn.

**Punkt 8.1.2.2 Kulturminne**, nytt kulepunkt:

- Arbeide for eit bevaringsprogram for fyrstasjonane.

**Punkt 8.1.3.2 Musikk**, nytt kulepunkt:

- Utvikle samarbeidet med kantorane, som er ei stor og desentralisert profesjonell musikargruppe i fylket.

**Punkt 8.1.3.3 Scenekunst**, nytt kulepunkt:

- Støtte opp under Teaterfestivalen i Fjaler som arena for produksjon og framføring av profesjonell scenekunst.

**Punkt 8.2.1.1 Kulturskulane**, nytt kulepunkt:

- Arbeide for at hybelbuarar på vidaregåande skule får kulturskuletilbod på skulestaden.

---

**SAK 41/18      Kjøp av Florø idrettsenter**

**VEDTAK:**

1. Fylkeskommunen kjøper Florø Idrettssenter av Florø Idrettssenter AS for 52 mill. kr.
2. Fylkeskommunen føreset at Flora kommune inngår leigeavtalar for innvandrarsenteret og idrettsareala slik det er skissert i saka.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå endeleg avtale om kjøp og utleige. Det er føreset at Florø idrettssenter AS gjer tilsvarande vedtak med mandat til å inngå endeleg avtale. Ein legg til grunn at forpliktingane Flora kommune gjer vert vidareført av nye Kinn kommune.
4. Samla kostnader til kjøp, opprusting og drift av anlegget, samt tilhøyrande finansiering, vert å innarbeide i budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

---

**SAK 42/18      Søknad om midlar til ferjelem på Skorpa i Flora kommune**

**VEDTAK:**

1. Flora kommune får eit tilskott på 3,5 mill. kr til bygging av ferjelem på Skorpa. Det vert stilt som føresetnad at kommunen overtek fv. 553 som kommunal veg i den stand den er i dag.
2. Tilskottet vert finansiert med tilgjengelege driftsmidlar i 2018. Naudsynte endringar i driftsbudsjett 2018 vert vedteke i saka om tertialrapport 2/18 som går parallelt med denne saka.
3. Dersom Flora kommune ikkje ønskjer å overta fv. 553, vert det gitt eit tilskott på 2,5 mill. kr til bygging av ferjelem på Skorpa.

---

**SAK 43/18      Årdal - Fv. 303 Seimsdalstunnelen - løysing for veg i dagen**

**VEDTAK:**

Fylkesveg 303 fra Seimsdalstunnelen til Årebru i Årdal vert tilrettelagt for gående og syklande ved å byggje gang- og sykkelveg.

---

## **SAK 44/18 Tertiærrapport 2/2018**

### **VEDTAK:**

#### **A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2018**

- 1 Statlege overføringer vert auka med 31,388 mill. kr. Avsetjing til disposisjonsfond vert auka tilsvarende.
- 2 Lokale inntekter vert auka med 6,000 mill. kr.
- 3 Bruk av bundne fond vert auka med 1,217 mill. kr.
- 4 Driftsmidlar overført til investering vert auka med 0,600 mill. kr
- 5 *Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 25,288 mill. kr.  
Sektorbudsjetta vert auka med 18,272 mill. kr i tråd med vedlegg 2.  
Avsetting til disposisjonsfond vert auka med 7,016 mill. kr*
- 6 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 5,770 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 4210 Bygg- og eigedomsforvaltning vert auka med 1,270 mill. kr  
Teneste 4606 Diverse tilskot samferdsle vert auka med 3,500 mill. kr  
Teneste 4800 Juridisk honorar vert auka med 1,000 mill. kr*
- 7 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 4,377 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 2,990 mill. kr  
Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert auka med 0,570 mill. kr  
Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 3,430 mill. kr  
Teneste 5151 Fellesutgifter vert auka med 2,100 mill. kr  
Teneste 5152 Eleveksamensamferdsle vert auka med 0,600 mill. kr  
Teneste 5200 Pedagogisk leiing mv vert auka med 1,330 mill. kr  
Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 4,100 mill. kr  
Teneste 5540 Fagskuleutdanning vert redusert med 0,150 mill. kr  
Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 2,500 mill. kr  
Teneste 5901 Privatisteksamen vert redusert med 0,600 mill. kr  
Teneste 5903 Karriererettleiing vert redusert med 0,207 mill. kr*
- 8 Innanfor sektorbudsjettet til samferdsle vert det gjort følgjande omdisponeringar:  
*Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert redusert med 1,700 mill. kr  
Teneste 7300 Buss – kjøp av tenester vert auka med 4,500 mill. kr  
Teneste 7303 Ungdomstilbod vert redusert med 0,700 mill. kr  
Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 1,900 mill. kr  
Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert auka med 1,700 mill. kr  
Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 1,900 mill. kr*
- 9 Tilbakeførte midlar frå Innovasjon Norge på 1,440 mill. kr vert inntektsført på sektoren næring og kultur. Midlane vert avsett på disposisjonsfond og nytta til breibandsatsing i 2019.
- 10 Teneste 7750 Idrett vert redusert med 16,000 mill. kr. Avsetting til disposisjonsfond vert auka tilsvarende.

11 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfondet med 5,224 mill. kr

**B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2018**

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.
- 3 Inntekter frå sal av aksjar vert auka med 0,135 mill. kr. Inntekta vert avsett til kapitalfondet.

**C. Andre områder**

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 5 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 6 vert teken til vitande.

---

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkesvaraordføraren takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 19. oktober 2018 på Kviknes Hotel, Balestrand kommune, var slutt kl. 15.40.